



Elisabeth Eidsvik med politihunden MALVIN.

Politi- og patruljehunden MALVIN vert teken ut av viktige oppdrag, etter sju år i teneste for Politiet i Haugesund. Hundeførar og eigar er Elisabeth Eidsvik frå Uskedalen. MALVIN er av typen Malinoies og kjem eigentleg frå Bjoa i Vindafjord kommune. Elisabeth Eidsvik og hunden hennar har vore involvert i mange krevjande og risikofylte oppdrag.

Mest kjend vart Elisabeth og MALVIN i januar i fjor då ei ung kvinne i Haugesund vart meldt sakna. Det vart sett inn stor leiting utan resultat. Politihunden MALVIN fann jenta sterkt nedkjølt. Hunden signaliserte til førar Eidsvik at han var på sporet og jenta vart berga og overlevde denne hendinga. Dette søket førte til stor nasjonal merksemd og mykje omtale.

MALVIN har på desse sju åra vore med i mange redningsaksjonar, væpna aksjonar og i drapssaker. No vert MALVIN familiehund på heiltid.

Tekst/nett: Kristian Bringedal - kjelde Facebook
Foto: Politiet